

#handlelokalt

Lokal handel = levande lokalsamfunn

Når vi handlar lokalt, bidreg vi til levande lokalsamfunn. Bruker du nærbutikken din i dag, er det større sjanse for at du finn varer og tenester i lokalsamfunnet ditt også i morgon. Og kanskje best av alt: Når vi bruker lokale bedrifter og butikkar, er ringverknadene store.

Vi bidreg til lokale skatteinntekter, offentlege tenester og lokale arbeidsplassar.

Mange ungdommar får helgejobbar og sommarjobbar i nærbutikken. Lokale bedrifter stiller ofte opp som sponsorar for idrettslaget eller kulturlivet rundt deg.

Butikkane er ofte også ein hyggeleg møteplass for folk i alle aldrar. Difor får du både i pose og sekk når du handlar lokalt.

Gjennom annonsekampanjar vil vi i lokalavisene framleis vise kor viktig det er å bruke lokale krefter og lokale butikkar. Dette gjer vi i samarbeid med andre som også er opptekne av lokal handel.

#handlelokalt

